



ULLENSVANG FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2021



Innhald

Ullensvang statsallmenning.....	3
Ullensvang fjellstyre 2020-2023	3
Hardangervidda fjelloppsyn	3
Aktivitet i 2021.....	3
Fjellstyrehytter.....	4
Reinsjakt	5
Elgjakt	7
Småviltjakt	7
Fiske	7
Økonomi	8



Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Ullensvang kommune, i Vestland fylke, og er på om lag 819 km². Størstedelen av statsallmenningen ligg i Hardangervidda nasjonalpark.

Ullensvang fjellstyre 2020-2023

Medlem:	Vara:
Johnny Vikne (leiar)	Eivind Tokheim
Jan Asbjørn Utne (nestleiar)	Per Helge Sekse
Hildegunn Espe	Evelyn Sekse Haustveit
Synnøva Sæbø	Jarle Vangen
Jarle Rasmussen	John Helge Rasmussen

Fjellstyret hadde i 2021 fem møte. Det blei handsama 26 saker.

Fjellstyret informerer om vedtak på heimesida www.hardangervidda-fjellstyra.no. Her blir det også informert om jakt, fiske, hytteutleige med meir. Inatur blir brukt til sal av jakt og fiske, og Scanatura blir brukt til hytteutleige.

Styremedlem i Fjellstyra på Hardangervidda: Johnny Vikne (vara Hildegunn Espe)

Representant i villreinutvalet: Jan Asbjørn Utne

Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Ullensvang fjellstyre leiger sekretærtjenester og felttenester frå HF. Sekretærtjenestene har blitt utført av Sten-Rune Jensen.

Aktivitet i 2021

Det har blitt gjort mykje arbeid på hyttene i 2021:

- Montert solcelleanlegg på Persbu
- Skifta tak og vindauge på Bjørnavassbu
- Montert lys i gangen på Ullsbu
- Bygd delevegg mellom lager fjellstyret og Skjold beitelag i uthus Raudåna
- Gjort ferdig utedo Hansbu innvendig



Fjellstyret sette i 2020 i gang prosjektet «fiskeforbetrande tiltak». I 2021 blei det kjøpt inn fryseboksar til oppbevaring av fisk og anna på Raudåna, Belebu, Persbu, Bjørnavassbu og naustet ved Nedsta Krokavatnet. Til dei same hyttene er det og kjøpt inn garn til utlån. På Raudåna, Belebu, Persbu og Bjørnavassbu er det no mogleg å leige påhengsmotor til bruk i garnfiske og i samband med reinsjakt.

Fjellstyrehytter

Ullensvang fjellstyre har 11 hytter i statsallmenningen. I tillegg har fjellstyret eit naust ved Øvsta Krokavatnet. [Kart med oversikt over hyttene.](#)


Fjellstyrehytter:

- Ullsbu (Hansbu)
- Rogdabu (Hansbu)
- Oppsynshytta på Hansbu (leigd ut til Hardangervidda Fjelloppsyn)
- Naustet (Nedsta krokavatnet)
- Belebu
- Bjørnavassbu
- Langavassbu
- Holmavatnet
- Raudåna
- Raudåna – oppsynshytta
- Persbu

Fjellstyrehyttene har blitt leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv i perioden 15. juni til 31. oktober. Prisen for å leige har vore 100,-pr. person pr. døgn (dobbel pris for utanbygdsbuande). For dei tre steinbuene Rogdabu, Persbu og Holmavatnet har prisen vore 90,- (180,-).

Utleige av hyttene har foregått med søknadsfrist for leige av hyttene i sommarvekene og i reinsjakta, med tildeling der innanbygdsbuande er prioritert. Etter tildeling har hyttene blitt leigd ut via Inatur.

Hytteutleige utgjorde om lag 227 000,- i 2021. Alle hyttene samla var utleigd 707 døgn i 2021, mot 519 i 2020. Sjå elles figur 1.



Figur 1. Tal døgn hyttene har vore utleigd i 2020 og 2021.

Reinsjakt

Villreinkvota for Hardangervidda i 2021 var på 4000 fritt dyr-kort og 4000 bukkekort. Det var i tillegg eit kalvekort tilhøyrande kvart kort på vakse dyr. Korttype vaksen bukk blei omgjort til fritt dyr frå og med 6. september. Ullensvang fjellstyre sin del av kvota var 381 kort på fritt dyr og 381 kort på vaksen bukk. Jakttida var 10. august til og med 7. oktober.

Det var samjakt mellom fjellstyret og alle private vald i gamle Ullensvang herad og Odda kommune utanom vald i Røldal for jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning frå og med 7. september og ut jakta.

Etter at det blei påvist CWD på ein bukk felt i Vinje hausten 2020, blei valda oppfordra til å gjere tiltak for å auke fellinga, for å sikre flest mogleg prøvar under ordinær jakt. Som eit tiltak for å auke fellingsprosenten mot slutten av jakta blei det gjort avtale om samjakt for alle jegerar med kort på ein av statsallmenningane Ullensvang, Røldal, Eidfjord og Øvre Numedal. Samjakta gjaldt frå og med 21. september og ut jakta. Det blei samtidig gjort vedtak om å oppheve fredingssoneane resten av jakta.


Prisen for reinskorta blei sett til 1.500 pr kort til innanbygdsbuande, 3.000 pr kort til utanbygdsbuande. Netto omsetnad for sal av reinskort var 815.362,-.

Felling:


Det blei felt 306 dyr på korta til Ullensvang fjellstyre, og 34 dyr på korta på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen som var tildelt innbyggjarar i gamle Ullensvang herad.



	Kalv	1,5 år	2,5 år og eldre	Sum
Hanndyr	28	23	97	148
Hodyr	23	22	113	158
Sum	51	45	210	306



Figur 2. Det har blitt felt mest dyr i to periodar, 10-16.08 og 06-15.09.



Figur 3. Tal felte dyr på korta på Ullensvang statsallmenning 2005-2021.



Elgjakt

Ullensvang fjellstyre administrerer elgjakt på eit vald i Ullensvang statsallmenning. Elgjakta blir leigd vekk til eit jaktlag for to år i slengen. Jakta er konsentrert rundt Hansbu-Bjørnavassområdet. I 2021 var kvota på ei ku og ein kalv. Det blei ikkje felt dyr dette året.

Småviltjakt

Fjellstyret har hatt fritt kortsal av småviltjakt i 2021. Det har blitt selt 173 kort, fordelt på dagskort, vekeskort og sesongkort som vist i tabellen under.

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Dagskort	22	100
Vekeskort	11	23
Sesongkort	2	8
Smårovviltkort	7	

Det blei selt jaktkort for 73 005,- i 2021.

Tabell 1. Prisar småviltjakt 2021.

	Innanbygds	Utanbygds
Dagskort	140,-	280,-
Vekeskort	600,-	1200,-
Sesongkort	1100,-	2200,-
Småvorviltkort	100,-	

Fiske

Det er selt 470 fiskekort for Ullensvang statsallmenning i 2021. Av desse er 123 fiskekort for innanbygdsbuande (garnkort). Tilsvarende tal for 2020 var 357 selde kort (143 fiskekort for innanbygdsbuande).

Det er selt 627 fellesfiskekort, fordelt på 547 vekeskort og 80 sesongkort. Netto omsetnad var 309.312,50. Ullensvang fjellstyre sin del av omsetnaden var 104.082.

Det er selt 20 vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande. Kortet gjeld for nokre av vatna på statsallmenningen der det med fordel kan fiskast meir. Det blir opna for sal av inntil 20 vekeskort i året.

Netto omsetnad for stongfiskekort var 182 325,-, og for garnfiskekort 61 008,-



Prisar på fiskekort i 2021

Stongfiskekort:

Dagskort: 110,-

2-døgnskort: 190,-

3-døgnskort: 290,-

Vekeskort: 390,-

Sesongkort: 790,-

Garnfiske (innanbygds):

Vekeskort: 300,-

Sesongkort: 450,-

Familiekort sesong: 500,-

Garnfiske (utanbygds):

Vekeskort: 600,-

Økonomi

Fjellstyret hadde i 2021 ein omsetnad på 1 741 756,-. Utgiftene var på 1 375 573,-.

Fjellstyret er tildelt fyljande gåver i løpet av året:

	Føremål	Sum
Grunneigarfondet	Rehabilitering Bjørnavassbu	67 000,-
Grunneigarfondet	Solcelleanlegg Persbu	7 500,-
Hardangerstiftinga	Rehabilitering Bjørnavassbu og Persbu	100 000,-
Ildsjelfondet	Fiske og friluftaktivitet	88 000,-
Hardangerstiftinga	Solcelleanlegg Langavassbu	70 000,-